

**Finansutvalet 28.09.2016**

Fylkeshuset, møterom Sygna kl. 10.30

Budsjett/økonomiplan 2017-2020 - Arbeidsdokument 4/16

Grunnlaget for dette arbeidsdokumentet er vedteken økonomiplan 2017-2020, jf. FT-sak 26/16. I tråd med vedtaket i denne saka vil budsjettprosessen no i haust ha hovudfokus på konkretisering av året/budsjettet for 2017. Attståande utgreiingsprosjekt og uspesifiserte innsparingskrav innan opplæring og samferdsle vert som utgangspunkt først tema i økonomiplanprosessen våren 2017. Vi vil då ha fokus på budsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan (2018-21).

Dette dokumentet har som mål å legge på plass mest mogleg av dei økonomiske føresetnadane for budsjett 2017, og gjere greie for den samla salderingssituasjonen før statsbudsjettet for 2017 vert lagt fram 6. oktober.

Hovudpunkta i dette arbeidsdokumentet er:

- Budsjett-/økonomiplanprosess og vidare framdrift
- Oversikt over vedteke innsparingstiltak
- Investeringsbudsjettet
- Driftsbudsjettet – justeringar av basisrammene
- Innspel frå sektorane
- Andre budsjett- og økonomirelaterte saker
- Salderingssituasjonen før framlegg til statsbudsjett
- Vidare arbeid.

1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 4.5.2016

Møteboka følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 1.

Tilråding

Møteboka frå møtet i finansutvalet 4.5.2016 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

2 PROSESS OG VIDARE FRAMDRIFT

I 2015 vart budsjett- og økonomiplanarbeidet lagt om på grunn av store økonomiske utfordringar (nytt inntektssystem). Prosessen vart delt i to, med budsjettprosess om hausten og økonomiplanprosess om våren. Økonomiplanvedtaket i juni vert retningsgivande for budsjettarbeidet på hausten. Budsjettarbeidet endar opp i eit budsjett-/økonomiplanvedtak i desember.

Denne budsjetteringsmetoden har flytta det strategiske fokuset og hovudutvala sitt høve til å påverke eigne rammevilkår til økonomiplanprosessen. Det er økonomiplanarbeidet om våren som er arena for dei overordna grepa på tvers av sektorane og rammene for den enkelte sektor, medan hovudutvala si rolle i budsjettarbeidet i stor grad vil vere knytt til konkretisering av sektoren sitt detaljbudsjett for komande år.

Økonomiplanvedtaket i juni legg m.a. til grunn følgjande premisser for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet:

- Tiltak og tilpassingar må om naudsynt utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2017.
- Dei uspesifiserte innsparingskrava innan opplæring og samferdsle må konkretiserast som ein del av budsjett-/økonomiplanprosessen i 2017.
- Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato skal handsamast som ein del av budsjett/økonomiplanprosessen i 2017.

Det vil framover vere viktig at forventa innsparingar vert realiserte, samt å arbeide for vidare opptrapping av tapskompensasjonen for åra 2017-2019.

3 OVERSIKT OVER VEDTEKNE INNSPARINGAR

Ved handsaming av økonomiplan 2017-2020 i juni bestilte FT ei samla oversikt over innsparings-tiltaka i dei ulike sektorane. Denne oversikta skulle presenterast i første møtet i finansutvalet.

Tabellen under syner ein oversikt over ulike innsparingstiltak og beløp per sektor. Vidare har vi ein kolumne for når FT har gjort ulike vedtak.

			2016	2017	2018	2019	2020
Ref.	Innsparingstiltak	Vedtak					
	Politisk styring, plan og forvaltning						
	<i>Politisk styring og forvaltning</i>		-4,5	-18,8	-18,8	-20,2	-20,2
	Kontrollorgana: Innsparing, jf. KU-sak 59/14	H-2015	-0,5				
	Stillingar i sentraladministrasjonen	H-2013	-4,0				
#57	Sentraladministrasjon - roller og storleik	V-2016		-18,8	-18,8	-20,2	-20,2
	<i>Plan</i>		-0,9	-1,7	-1,7	-1,7	-1,7
#60	Plan og utviklingsarbeid	V-2015	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
#59	Utviklingsmidlar klima	V-2015	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
	Teneste 7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid	V-2016		-0,3	-0,3	-0,3	-0,3
	Teneste 7153 Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	V-2016		-0,2	-0,2	-0,2	-0,2
	Teneste 7157 Internasjonalt arbeid	V-2016		-0,3	-0,3	-0,3	-0,3
	Opplæring		-6,7	-23,2	-35,0	-47,4	-52,1
	Vidareføring av kortsiktig innsparingstiltak	V-2015		-5,4	-5,3	-5,4	-5,4
#2	Oppfølgingstenesta	V-2015	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4
#1	Arbeidslivskontakt	V-2015	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5
#5	Øk.rammer for drift av vg.skule	V-2015	-2,7	-11,6	-18,1	-18,1	-18,1
#15	Gratis læremiddel/PC-ordning	V-2015	-1,2	-2,5	-3,5	-3,5	-3,5
#21	Karriere rettleiing	V-2015	-0,6	-1,1	-1,1	-1,1	-1,1
#4	Lærarressurs - open skule	V-2015	-0,3	-0,7	-0,7	-0,7	-0,7
	Ulike varige rammereduksjonar	V-2016				-4,4	-9,1
#13	Omstillingstiltak og seniortiltak for ped.pers	V-2016			-1,3	-2,9	-2,9
#17	Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa	V-2016			-2,4	-2,4	-2,4
	Uspesifisert innsparingskrav opplæring	V-2016			-0,8	-7,0	-7,0
	Tannhelse		-2,3	-5,5	-10,6	-10,6	-10,6
#22	Ein framtidretta klinikk- og tenestestruktur	V-2016	-2,3	-5,5	-10,6	-10,6	-10,6
	Næring og Kultur		-5,5	-15,8	-16,6	-16,6	-16,6
#51	Folkehelse	V-2016		-3,3	-3,3	-3,3	-3,3
#34	Reisemålselskapa	V-2015	-1,0	-0,5	-1,0	-1,0	-1,0
#32	Oppfølging satsingar	V-2015	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
	Kommunale næringsfond			-0,5			
#50	Nedlegging av bokbåten	V-2015	-1,3	-1,3	-1,3	-1,3	-1,3
#47	Musea, -1,-2 og -3 mill. kr/år frå 2017	V-2015	-1,0	-2,5	-2,5	-2,5	-2,5
#50	Bibliotek	V-2015		-0,3	-0,5	-0,5	-0,5
#47	Kulturminnevern - produksjon	V-2015		-0,4	-0,4	-0,4	-0,4
#47	Museum	V-2015	-0,2	-0,2	-0,3	-0,3	-0,3
#50	Kunstformidling	V-2015	-1,3	-1,6	-1,3	-1,3	-1,3
#49	Kunstproduksjon	V-2015	-0,2	-0,2	-1,0	-1,0	-1,0
	Teneste 7010 Bedriftsretta satsingar	V-2016		-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
	Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi	V-2016		-1,0	-1,0	-1,0	-1,0
	Teneste 7015 Nyskaping	V-2016		-2,5	-2,5	-2,5	-2,5
	Teneste 7900 Andre kulturaktiviteter	V-2016		-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
	Samferdsle		-4,8	-49,8	-34,4	-53,5	-55,3
	Kortsiktig tiltak	V-2015		-45,0			
#39	Sognebåten	V-2015	-4,8	-4,1	-4,1	-4,1	-4,1

#46	Vinterstenging av vegar	V-2015			-3,0	-3,0	-3,0
#43	Terminalar og venterom	V-2015			-0,2	-0,2	-0,2
#44	FTU-tiltak	V-2015			-2,2	-2,2	-2,2
#40	Ungdomstilbod	V-2015			-2,3	-2,3	-2,3
#38	Bilruiter	V-2015	-0,8		-10,2	-14,9	-14,9
#39	Kollektiv båt	V-2015			-4,5	-6,7	-6,7
#41	Ferjesamband	V-2015			-4,0	-6,0	-6,0
#45	Driftsstandard på fylkesvegnettet	V-2016			-1,8	-6,6	-9,1
	Uspesifisert innsparingskrav	V-2016			-2,2	-7,6	-6,9
	Sum innsparingar på sektor				-24,7	-114,7	-117,1
						-149,9	-156,4

Utgreiingane er meir konkrete på kva tiltak som vert sett i verk for å nå føresette innsparingar, samt kva konsekvensar desse vil ha. Ytterlegare dokumentasjon av tiltak og konsekvensar framgår av [vedlegg 2-5](#):

[Vedlegg 2](#): Samledokument med samandraga for alle utgreiingane, framlagt våren 2015

[Vedlegg 3](#): Samledokument med samandraga for alle utgreiingane, framlagt våren 2016

[Vedlegg 4](#): Samledokument med utgreiingane, framlagt våren 2015

[Vedlegg 5](#): Samledokument med utgreiingane, framlagt våren 2016.

Fylkesrådmannen vil nemne at for 2016 vart budsjettet redusert med til saman 114 mill. kr. Dette skulle i utgangspunktet vere kortsiktige tiltak som var reversible. Samferdsla fekk det største kuttet då løyving til fylkesveg kunne nyttast som salderingspost for å få balanse i budsjettet. Ein god del av desse kortsiktige tiltaka er blitt vidareført og er innarbeidd i tabellen over.

For å kunne innfri forventna innsparing for 2018-2020 har enkelte sektorar alt sett i gong tiltak som har budsjettmessige konsekvensar både i 2016 og 2017. Slike tilpassingar har ikkje ført til ytterlegare rammereduksjonar.

To utgreiingar er under arbeid og har leveringsfrist i 2017. Dette er:

- Reinhaldartenestene (#56)
- Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20).

Fylkesrådmannen vil kome attende til desse og ev. innsparingar i løpet av 1. halvår 2017.

4 INVESTERINGSPROGRAM 2017 – 2020

Her vil fylkesrådmannen presentere framlegg til investeringsprogram for 2017-2020. FT har fastsett førebelse investeringsrammer i økonomiplan 2017-2020. Prosjekta som vert presenterte under har dei vedtekte økonomiplanrammene som utgangspunkt, men er i tillegg justert for:

- Endringar i framlegg til tertialrapport 2/16
- Nye tilrådingar gjennom dette arbeidsdokumentet.

4.1 Bygginvesteringar

NY001 Konsekvensar av skulebruksplanen - ufordelt

Nytt verkstadbygg ved Mo og Øyrane vgs., avd. Mo var i utgangspunktet planlagt som eit investeringstiltak i skulebruksplanen. Det var føresett at eksisterande verkstad til naturbruk og verkstad for bygg- og anlegg skulle samlokalisert. I FT-sak 32/14 vart prosjektet utsett i påvente av nytt skule- og tilbodsstrukturvedtak.

Dagens lager/verkstadbygg på Mo er i kritisk dårleg stand. Fylkesrådmannen har difor starta opp arbeidet med å vurdere arealbehovet for eit ev. nytt verkstadbygg ut frå dagens situasjon. Det er areal knytt til teknisk drift, gardsdrift, naturbruk og anleggsteknikk samt sambruk mellom desse som då vert lagt til grunn. Førebelse, grove estimat syner behov for eit bygg på om lag 750 m². Investeringskostnaden er førebels vurdert til om lag 22 mill. kr.

Med omsyn til dei bygningsmessige manglane ved dagens bygg vil fylkesrådmannen tilrå at dette prosjektet vert prioritert i investeringsprogrammet. Det er naudsynt med fleire avklaringar slik at det ikkje er realistisk å få starta prosjekteringa før i 2018.

Tilråding

Løyvinga til NY001 Konsekvensar av skulebruksplanen – ufordelt vert førebels auka med 22 mill. kr fordelt med 5 mill. kr i 2018 og 17 mill. kr i 2019. Auken er knytt til nytt verkstadbygg ved Mo og Øyrane vgs., avd. Mo.

NY227 Måløy vgs.- rehabilitering av blokk B og C

Fylkesrådmannen fekk følgjande bestilling hausten 2015 ved handsaming av arb.dok. 5/15:

«Det vert gjennomført eit skisseprosjekt våren 2016 med tanke på å definere investeringsbehovet på blokk C ved Måløy vidaregåande skule. Investeringsbehovet vert å kome attende til som ein del av økonomiplan 2017-20».

Skisseprosjektet er no gjennomført og arbeidet har vore gjort i samråd med skulen. Fylkesrådmannen konkluderer med at blokk C ikkje kan sjåast på isolert, men at vi må sjå både blokk B og C under eitt. Dette er to eldre skulebygg frå 1975 (blokk B) og 1986 (blokk C) på samla 4100 m². Bygga ber preg av slitasje og har planløysingar som ikkje er funksjonelle. Vidare stettar ikkje bygga krav i høve universell utforming og trygge rømmingsvegar. Begge bygga treng difor rehabilitering ut over normalt vedlikehald både bygningsmessig og teknisk.

Skisseprosjektet viser eit vesentleg auka investeringsbehov samanlikna med utgangspunktet hausten 2015. Kalkyle for prosjektet er førebels sett til om lag 65 mill. kr. Det er framleis knytt usikkerheit til kalkylen då dette er i ein tidleg fase i prosjektet. Erfaring syner også at store rehabiliteringsprosjekt er kompliserte og vanskeleg å kalkulere. Prosjektet vil også bli krevjande med omsyn til skuledrifta, då ein i byggeperioden må flytte undervisninga til andre lokalitetar.

Utifrå det naudsynte behovet for tiltak tilrår fylkesrådmannen å løyve 65 mill. kr til rehabilitering av blokk B og C. Vi bør starte med prosjektering og anbodsinnhenting i 2017, og byggje i 2018-20. Prosjektet er lagt inn med årlege løyvingar i framlegg til investeringsprogram for bygg.

Tilråding

Investeringsprosjektet Måløy vgs.- rehabilitering av blokk B og C vert innarbeid i investeringsprogrammet 2017-2020. Prosjektet får ei førebels kostnadsramme på 65 mill. kr.

Investeringsprogram for bygg

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr)	SUM I PERIODEN	2017	2018	2019	2020
Forvaltning	42,0	12,0	12,0	12,0	6,0
IT001 IKT-investeringar	16,0	4,0	4,0	4,0	4,0
O2M01 "Miljøprosjekt" - ufordelt	18,0	6,0	6,0	6,0	
EK001 Eigenkapitalinnskott KLP	8,0	2,0	2,0	2,0	2,0
Opplæring	391,7	132,8	103,3	109,1	46,4
OR200 Ombygg./rehabilitering/Sikring/Brann	81,0	21,0	20,0	20,0	20,0
IU200 Utstyr	52,0	13,0	13,0	13,0	13,0
PC002 PC-ordninga	25,6	6,4	6,4	6,4	6,4
NY001 Konsekvensar av skulebruksplanen - ufordelt	103,3	28,2	29,4	45,7	
NY224 Sogndal vgs - byggesteg II	47,8	41,7	6,2		
NY226 - SJH - ekstraordinært vedlikehald	13,6	13,6			
NY227 - Måløy vgs - rehab. av blokk B og C	65,0	7,0	27,0	24,0	7,0
NY232 Mo og Øyrane - vassforsyning Mo	1,4		1,4		
NY233 Måløy gangveg	1,9	1,9			
Tannhelse	17,5	5,5	4,0	4,0	4,0
TA300 Oppgradering av tannklinikkar	17,5	5,5	4,0	4,0	4,0
Samferdsle	4,7	4,7	0,0	0,0	0,0
SA001 Elektronisk billettering	4,7	4,7			
Kultur	88,8	1,3	20,0	37,5	30,0
KU002 Fellesmagasin for musea	88,8	1,3	20,0	37,5	30,0
SUM INVESTERING	544,7	156,3	139,3	162,6	86,4

Tilhøyrande finansieringsplan

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2017	2018	2019	2020
Mva-kompensasjon	107,3	30,9	27,5	32,1	16,9
Driftsmidler	18,0	4,5	4,5	4,5	4,5
Aktivitetsfond investeringar	0,0				
Div ubundne fond	7,2	7,2			
Andre tilskot	11,6	2,9	2,9	2,9	2,9
Lånemidler	400,5	110,9	104,5	123,1	62,1
SUM FINANSIERING	544,7	156,3	139,3	162,6	86,4

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

4.2 Fylkesveginvesteringar

Ordinært investeringsprogram for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan

Den vedtekne investeringsramma i økonomiplanperioden har investeringsprogram 2016-2019 som utgangspunkt. Fylkesrådmannen minner om at løyvingsnivået i siste del av planperioden må sjåast i samanheng med arbeidet med Regional transportplan (RTP) 2018-27, og at investeringsrammene vil bli vurdert nærare når vi er komen lengre i RTP-arbeidet.

Fylkesrådmannen vil no presentere eit oppdatert investeringsprogram og kommentere nokre naudsynte endringar:

Store prosjekt:

Grunna endra framdrift er det i 2017 lagt inn ei løyving på 2 mill. kr til fv. 609 Dalsfjordsambandet og løyvinga til fv. 60 Ugla – Skarstein er auka med 5 mill. kr til 149 mill. kr.

Førdepakken:

Fylkeskommunen sine prosjekt i Førdepakken er no lagt inn med ei løyving på 17,7 mill. kr i 2017. Prosjekta skal finansierast med bompengar og mva. refusjon. Vi har førebels ikkje opplysningar om prosjektkostnadar for åra 2018-20. Løyvinga frå 2018 svarar til fylkeskommunen si delfinansiering med ei årleg løyving på 27 mill. kr i 6 år frå 2018-2023.

Mindre utbetringar:

Løyvinga til fv. 31 Daløy ferjekai er justert noko ned i tråd med endra prognose for prosjektet. Det vert no lagt inn ei løyving på 4,3 mill. kr i 2017.

I 2019 var det løyvd 3,3 mill. kr til ny brøytestasjon på fv. 50. SVV har gjort ei ny vurdering av prosjektet og har konkludert med at det ikkje lenger er behov for planlagt løysing. Prosjektet vert difor teke ut av investeringsprogrammet. Løyvinga vert flytta til «ufordelt – mindre utbetringar».

I 2017 var det løyvd 38 mill. kr til «ufordelt - mindre utbetringar». Det vert no lagt opp til å nytte 31,2 mill. kr på fire nye prosjekt i 2017. Tiltaka er prioritert i marginallista i Regional transportplan. Dette er mindre utbetringar som SVV kan gjennomføre i løpet av 2017. Den resterande løyvinga vert tilrådd fordelt til grunnverv og til planlegging og prosjektering, jf. omtale nedanfor.

Planlegging og prosjektering:

Løyvinga vert tilrådd auka med 3 mill. kr til 3,8 mill. kr i 2017. Det er fleire planleggingsprosjekt som er starta opp og som har behov for planmidlar i 2017. Det er også nødvendig med noko prosjektering i 2017 for å kunne nytte løyvinga «ufordelte – mindre utbetringar» i åra 2018-2020 på til saman 10,6 mill. kr.

Det er lagt opp til å inngå avtale med Årdal kommune om finansiering av reguleringsplan for fv. 53 ved Holsbrutunnelen. Kommunen er villig til å finansiere dette planarbeidet med 0,5 mill. kr.

Grunnerverv mv for avslutta prosjekt:

Retningslinjer for byggerekneskap på investeringsprosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune vart vedteke i FU-sak 38/15. I retningslinjene står følgjande:

Etter at byggerekneskapet er avslutta, kan det påløpe utgifter som høyrer til prosjektet.

Døme på dette er:

- *grunnerverv (spes. veginvesteringar)*
- *kostnader i løpet av garantitida*
- *andre uavklarte problemstillingar/saker*

Slike kostnader må budsjetterast i eigne prosjekt i investeringsprogrammet.

Fylkesrådmannen tilrår å legge inn ei løyving på 6 mill. kr i eit prosjekt kalla «grunnerverv mv for avslutta prosjekt» i 2017. Med denne løyvinga vil vi no kunne avslutte investeringsprosjekt på eit tidlegare tidspunkt. Ev. unytta løyving i 2017 vert tilrådd overført til 2018. Prosjekta fv. 60 Olden - Innvik (Agjeld-Ugla) og fv. 545 Kinnvegen er aktuelle prosjekt som kan avsluttast med føresetnad om å få dekka ev. meirkostandar frå denne løyvinga.

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr)	SUM I PERIODEN	2017	2018	2019	2020
Store prosjekt	328,1	168,7	105,4	27,0	27,0
Fv. 60 Olden - Innvik, parsell Ugla- Skarstein	190,4	149,0	41,4		
Avviksfond Ugla - Skarstein	37,0		37,0		
Førdepakken	98,7	17,7	27,0	27,0	27,0
Fv. 609 Dalsfjordsambandet (slutføring)	2,0	2,0			
Mindre utbetringar	46,1	35,5	4,0	3,3	3,3
Fv. 31 Daløy ferjekai - utbetring	4,3	4,3			
Fv. 53 Ny brøytestasjon Holsbru	5,0	5,0			
Fv. 121 Vange bru - Seljestokken	5,0	5,0			
Fv. 614/fv. 577 Myklebust	12,9	12,9			
Fv. 622 Nordfjordeid - Torheim, Hundeidbrua	8,3	8,3			
Ufordelt - mindre utbetringar	10,6		4,0	3,3	3,3
Gang- og sykkelveg	5,2	1,3	1,3	1,3	1,3
Fv. 546 Brandsøyvegen	5,2	1,3	1,3	1,3	1,3
Trafikktryggingstiltak	32,8	8,2	8,2	8,2	8,2
Planlegging og prosjektering	6,2	3,8	0,8	0,8	0,8
Grunnerverv m.v for avslutta prosjekt	6,0	6,0			
SUM INVESTERING	424,4	223,5	119,7	40,6	40,6

FINANSIERINGPROGRAM	SUM I PERIODEN	2017	2018	2019	2020
Mva-kompensasjon	55,6	35,0	15,6	2,5	2,5
Driftsmidlar	50,2	14,0	14,0	11,1	11,1
Div ubundne fond	21,9	21,9			
Andre tilskot	0,5	0,5			
Lånemidlar	197,5	134,4	63,1		
Førdepakken - Bompengar	14,2	14,2			
Førdepakken - mva-kompensasjon	3,5	3,5			
Førdepakken - lånemidlar	81,0		27,0	27,0	27,0
SUM FINANSIERING	424,4	223,5	119,7	40,6	40,6

Investeringsprogram for skredsikring med tilhørende finansieringsplan

Staten sin handlingsplan for skredsikring i 2014-2017 legg rammer for det statlege tilskotet. Ut frå tildelt ramme i perioden vil vi truleg få ei ramme på om lag 125 mill. kr i 2017. Samla ramma vil bli fastsett i samband med statsbudsjettet og fylkesfordelinga vil normalt kome tidleg i 2017. Løyvinga til rassikring frå 2018 vil først vere kjent når ny handlingsplan for 2018-2021 vert lagt fram.

Fylkesrådmannen vil no presentere eit oppdatert investeringsprogram og kommentere nokre naudsynte endringar i investeringsprogrammet.

Det vert lagt inn ei løyving på 8,5 mill. kr til fv. 337 Bjødnabakken i 2017 i tråd med endra prognose på prosjektet.

Fv. 633 Tunnel Kleiva – det vert lagt inn ei løyving på 60 mill. kr i 2017 og 11 mill. kr i 2018. Statens vegvesen har førebels rekna kostnadane med kort tunnel til om lag 70-100 mill. kr, jf. FT-sak 52/15 Sikring av fv. 633 ved Kleiva. Vi har pr. i dag ikkje nye tal på dette prosjektet.

Det er sett av samla 28,8 mill. kr til fem mindre skredsikringstiltak. Prosjektet fv. 241 Nautgrovi (12 mill. kr) er noko usikkert då løysinga ikkje er endeleg avklart. Dersom det vert andre løysingar og kostnader enn føreset vil vi kome tilbake til dette. Ramma til mindre skredsikringstiltak er såleis noko høgare enn det som er lagt til grunn i gjeldande Regional transportplan (10 mill. kr årleg). Dette er grunna i at det er ønskeleg å unngå for stort mindreforbruk i 2017 på skredsikring.

Det er sett av 4 mill. kr til prosjektering. Av dette er 3 mill. kr løyvd til fv. 722 Flovegen. Det er venta å få godkjent reguleringsplan seinvinteren 2017. Bygging kan då gjennomførast i 2018-2020 føresett at statleg ramme til skredsikring i perioden 2018-2021 finansierer prosjektet.

Ut frå dette vil vi i 2017 ha om lag 49 mill. kr til disposisjon. Vi legg til grunn at dette kan vere ein buffer i høve ev. høgare kostnader til prosjektet fv. 633 Tunnel Kleiva. Eit anna alternativ er at midlane vert overført til 2018 og sett i samheng med oppstart av fv. 722 Flovegen.

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr)	SUM I PERIODEN	2017	2018	2019	2020
Fv. 337 Bjødnabakken	8,5	8,5			
Fv. 633 Kleiva - tunnel	71,0	60,0	11,0		
Fv. 242 Skjerdalsberget	5,0	5,0			
Fv. 53 Eldegardsbergi	7,0	7,0			
Fv. 615 Reddasvora (Bukollesvora)	2,0	2,0			
Fv. 241 Nautgrovi	12,0	12,0			
Fv. 609 Sikring Eikeneskrysset	2,8	2,8			
Fv. 722 Flovegen - prosjektering	3,0	3,0			
Prosjektering mindre rassikringstiltak	1,0	1,0			
Mindre skredsikringstiltak - utfordelt	30,0		10,0	10,0	10,0
Til disposisjon	49,0	49,0			
SUM INVESTERING	191,3	150,3	21,0	10,0	10,0

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2017	2018	2019	2020
Mva-kompensasjon	33,1	25,3	4,0	1,9	1,9
Statleg tilskot	158,2	125,0	17,0	8,1	8,1
SUM FINANSIERING	191,3	150,3	21,0	10,0	10,0

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesvegar inkl. skredsikring vert lagt til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2017/ økonomiplan 2017-2020.

5 DRIFTSBUDSJETTET – JUSTERING AV BASISRAMMENE

5.1 Endring av strategi – frå gjeldsanering til fondsavsetting

I arbeidet med å tilpasse oss nye inntektsrammer har det vore eit klårt mål å få redusert lånegjelda. Denne strategien har så langt blitt følgt opp ved at vi har nytta inntekter frå realisering av verdiar og auka lokale inntekter til gjeldssanering.

I FT-sak 30/16 Sal av Fjord 1 aksjar vedtok fylkestinget blant anna følgjande:

Sals- og renteinntekta vert overført som ekstraordinært utbytte frå F1 Holding AS til fylkeskommunen. Den skal, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter og bankgaranti, nyttast til gjeldssanering. Sett i lys av pågåande regionreformprosess, vil fylkestinget likevel – for inntekter mottekne etter 2016 – vurdere fondsavsetjing som alternativ til gjeldssanering.

Ut frå dette vedtaket og pågåande regionreformprosess vil fylkesrådmannen førebels reversere strategien om mest mogleg gjeldssanering. «Ledige» midlar vil no i størst mogleg grad bli tilrådd avsett til fond.

Tilråding

Strategien knytt til gjeldssanering vert førebels reversert. «Ledige» midlar vert avsett til fond.

5.2 Verknader av tertialrapport 2/16

I tertialrapport 2/16, som går parallelt med dette arbeidsdokumentet, har fylkesrådmannen tilrådd endringar på opplæringssektoren med konsekvensar for økonomiplanrammene. Tabellen under syner dei tenestene som vert tilrådd endra for 2017-20. At beløpa er ulike mellom åra skuldast m.a. halv-/heilårseffekt, samt at nokre av endringane ikkje er varige. For nærare grunningjeving av endringane vert det vist til tertialrapporten. Tala vil ev. bli justert i samsvar med endeleg vedtak i FT i oktober.

	2016	2017	2018	2019	2020
5150 Forvaltning og fellesutgifter	-5,3	-9,3	-5,0	-0,9	-0,9
5151 Fellesutgifter	1,7	4,5	2,5		
5152 Eleveksamen	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4
5200 Pedagogisk leing mv	1,3	2,9	1,6		
5210 Utdanningsprogramma	-3,0	-1,8			
5613 Oppfølgingstenesta	-0,1	-0,1	-0,1	-0,1	-0,1
5701 Opplæring i bedrift	-2,4	-2,4			
5901 Privatisteksamen	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Sum endring	-7,8	-6,2	-1,0	-1,0	-1,0

Opplæringssektoren har i økonomiplanrammene eit uspesifisert innsparingskrav på 0,8 mill. kr i 2018 aukande til 7,0 mill. kr frå 2019. Fylkesrådmannen vil tilrå at den årlege innsparinga på 1 mill. kr frå 2018 vert nytta til å løyse noko av det uspesifiserte innsparingskravet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å ta ut eit slikt handlingsrom innafor sektoren når vi no er inne i en fase der det skal realiserast mange innsparingstiltak.

Ramma til opplæring vert ut frå dette redusert med 6,2 mill. kr i 2017 og med 0,2 mill. kr i 2018. Resterande 0,8 mill. kr i 2018 samt 1 mill. kr i 2019/2020 reduserer uspesifisert innsparingskrav. Med dette grepet vil opplæring ha løyst det uspesifiserte innsparingskravet i 2018 og redusert utfordringa frå 7 mill. kr til 6 mill. kr for åra 2019/2020.

Tilråding

Ramma til opplæring vert redusert med 6,2 mill. kr i 2017 og med 0,2 mill. kr i 2018. Varig ramme-reduksjon på 0,8 mill. kr i 2018 og 1 mill. kr for åra 2019/2020 reduserer uspesifisert innsparingskrav. Tala vil bli justert i samsvar med endeleg vedtak i FT.

5.3 Lokale inntekter

Som lokale inntekter reknar vi vinst ved sal av konsesjonskraft og utbytte frå selskapa våre. I dette punktet vert dei lokale inntektene omtala samla. Mykje av informasjonen knytt til selskapa er ikkje offentleg. Fylkesrådmannen har difor funne det tenleg å legge vurderingane av desse inntektene i eit eige vedlegg som vert unnateke offentlegheit, jf. vedlegg 6.

I samband med at F1 Holding no står oppe i ein salsprosess av Fjord1-aksjane har vi i dette arbeidsdokumentet også inkl. salsinntektene i dei lokale inntektene. Salsinntekta vil tilflyte fylkeskommunen som eit ekstraordinært utbytte frå F1 Holding. Det betyr at fylkeskommunen i ein periode vil få både ordinært og ekstraordinært utbytte frå F1 Holding.

Lokale inntekter må sjåast på som eingongsinntekter, og beløpa kan variere sterkt mellom år. Det har difor vore ein rådande strategi at bruken av lokale inntekter til driftsføremål har vore avgrensa til eit «sikkert» nivå på denne inntektskjelda. «Taket» på bruk av lokale inntekter til driftsføremål er sett til 60 mill. kr. årleg.

I arbeidet med budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 var ein av strategiane for å skape økonomisk balanse på mellomlang sikt og arbeide for å redusere kapitalutgiftene ved auka lokale inntekter/realisering av verdier. I tråd med dette vart auka prognostiserte lokale inntekter for åra 2016-2019 kanalisert mot ekstraordinær nedbetaling av lånegjeld.

I pkt. 5.1 refererer fylkesrådmannen pkt. 4 i fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 30/16 Sal av Fjord1 aksjar. I siste setning står det følgjande:

«Sett i lys av pågåande regionreformprosess, vil fylkestinget likevel – for inntekter mottekne etter 2016 – vurdere fondsavsetjing som alternativ til gjeldssanering.»

Fylkesrådmannen vil følgje opp dette vedtaket ved å sette av inntektene etter salet av aksjane i Fjord1 på fond inntil vidare. Dette får som konsekvens at tidlegare avsette midlar til ekstraordinære avdrag vert reversert. Dei økonomiske konsekvensane knytt til endring i ekstraordinært avdrag vert vurdert i pkt. 5.4.

Vidare syner prognosane på dei øvrige lokale inntektene at 60 mill. kr årleg til driftsføremål kan vere noko høgt i økonomiplanperioden. Fylkesrådmannen vel likevel å ikkje tilrå noko nytt nivå no, men vil ev. kome tilbake til dette.

Ut frå nye prognosar pr. september-16 får vi slike samla lokale inntekter i økonomiplan 2017-20:

Lokale inntekter samla	2017	2018	2019	2020
Ny prognose pr. september 2016	106,0	86,0	390,0	416,0
Lokale inntekter i gjeldande økonomiplan	96,0	109,7	112,2	117,7
Endring	10,0	-23,7	277,8	298,3

Tilråding

Ny prognose for lokale inntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020. Inntekter etter salet av aksjar i Fjord1 vert avsett til fond.

5.4 Kapitalinntekter/-utgifter

I dette punktet gjer fylkesrådmannen ei vurdering av tilrådde renteføresetnader som vert lagt til grunn for berekning av kapitalinntektene og -utgiftene i planperioden. Deretter vert berekna kapitalinntekter og -utgifter presenterte.

Renteføresetnader

Rentesatsane på lån vert berekna utifrå ei gjennomsnittleg rente for heile gjeldsporteføljen inkl. rentesikringar og bankane sine marginar på utlån. Det er vidare teke omsyn til Noregs Bank sine

forventningar til styringsrenta, marknaden sine forventningar til 3 mnd. Nibor framover og forfall på våre rentesikringar.

Innskotsrenta er fastsett utifrå Noregs Bank si gjeldande rentebane for styringsrenta per juni 2016 med eit påslag på 1,25 %-poeng.

Dette gjev følgjande renteføresetnader for lån og innskot:

	2017	2018	2019	2020
Lånerente	2,30 %	2,15 %	2,10 %	2,15 %
Innskotsrente	1,50 %	1,50 %	1,60 %	2,00 %

Renteinntekter

Rentekompensasjon til investering i skulebygg og til transporttiltak

Mottatt rentekompensasjon for tidlegare år viser at våre vurderingar knytt til føresettt rentenivå ikkje har vore presis nok. Fylkesrådmannen har difor gjort ei ny vurdering. For rentekompensasjon for skulebygg budsjetterer vi no med Husbanken sitt forventa rentenivå. For rentekompensasjon for transporttiltak budsjetterer vi med fastsatt rente i statsbudsjettet.

Prognosen for rentekompensasjon vert nedjustert i høve gjeldande økonomiplan. Reduksjonen er i hovudsak knytt til lægre renteføresetnader.

Ny prognose for dei to rentekompensasjonsordningane vert vist i tabellen under:

	2017	2018	2019	2020
Rentekomp. for skulebygg, jf. nye føresetnader	1,9	1,8	1,6	1,4
Rentekomp. for skulebygg, jf. gjeldande øk. plan	2,4	2,2	2,4	2,4
Rentekomp. for transporttiltak, jf. nye føresetnader	12,4	13,0	13,2	12,9
Rentekomp. for transporttiltak jf. gjeldande øk. plan	16,7	18,5	22,8	22,8
Sum endring	-4,8	-5,9	-10,4	-10,9

Ordinære renteinntekter

Gjennomsnittlikviditeten for 2016 er forventa å vere på om lag 900 mill. kr. Fylkesrådmannen forventar ein auka likviditet i 2017, som følgje av første delutbetaling etter salet av Fjord 1. For åra 2018-2020 forventar fylkesrådmannen ein jamn utvikling i likviditeten. På bakgrunn av dette vert gjennomsnittlikviditeten sett til 1 mrd. kr for heile perioden.

I berekninga av ordinære renteinntekter vert renter på unytta statsmidlar tilført fond. Dette gjeld m.a. renter knytt til KMD- og INU-midlane. Dette fører til reduserte ordinære renteinntekter. Samla er renter på fondskapitalen rekna til å utgjere mellom 2,5 og 3,5 mill. kr i åra 2017-20. I oppsettet under er desse midlane trekte ut, slik at det er renteinntekter til «generell finansiering» av fylkeskommunen som ligg att. Ny prognose for ordinære renteinntekter vert:

	2017	2018	2019	2020
Ordinære renteinntekter, jf. nye føresetnader	12,5	12,5	13,3	16,7
Ordinære renteinntekter, jf. gjeldande øk. plan	10,7	9,1	8,7	8,7
Sum endring	1,8	3,4	4,6	8,0

Tilråding

Ny prognose for rentekompensasjonsordningane og ordinære renteinntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

Kapitalutgifter

Ordinære kapitalutgifter

Reduserte forventningar til gjennomsnittrente på lån i perioden medfører ein reduksjon i utgiftsnivået for alle åra i økonomiplanen. I berekninga av kapitalutgifter er det teke omsyn til endringar i låneopptak som følgje av tilrådde endringar i investeringsprogramma for bygg og veg, samt reduksjon i nivået for ekstraordinære avdrag.

Kapitalutgiftene vert justert slik for åra 2017-20:

	2017	2018	2019	2020
Kapitalutgifter, etter nye føresetnader	157,0	159,2	161,6	164,8
Kapitalutgifter, jf. gjeldande øk. plan	167,5	166,0	184,1	186,0
Sum endring	-10,5	-6,8	-22,5	-21,2

Ekstraordinære avdrag

I gjeldande økonomiplan er det innarbeidd ekstraordinære avdrag årleg - i hovudssak som følgje av eit handlingsrom innanfor dei samla lokale inntektene. Nye prognosar og prinsipp, jf. pkt. 5.3, medfører at vi må reversere store deler av planlagt ekstraordinær avdragsbetaling. Dei ekstraordinære avdraga vert redusert slik:

	2017	2018	2019	2020
Ekstraordinære avdrag, etter nye føresetnader	38,8	28,3	4,9	4,9
Ekstraordinære avdrag, jf. gjeldande øk. plan	70,2	74,7	53,8	59,3
Sum endring	-31,4	-46,4	-48,9	-54,4

Tilråding

Nye føresetnader for ordinære kapitalutgifter og ekstraordinære avdrag vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

5.5 Pensjonskostnader

Fylkesrådmannen har teke ei ny vurdering av nivået på budsjetterte pensjonskostnader i økonomiplanperioden. Vurderingane er gjort på bakgrunn av erfaringstal dei siste åra, samt grove estimat på utviklinga i pensjonskostnadane framover. Pensjonskostnaden vil framleis svinge relativt mykje frå år til år på grunn av at vi bokfører heile premieavviket i rekneskapen påfølgjande år.

Fylkesrådmannen vil no tilrå å redusere det samla budsjettet til pensjon med 5 mill. kr årleg for åra 2017 -2020. Forventningar om meir moderate lønsoppgjjer, samanlikna med tidlegare år, er hovudgrunnen til denne reduksjonen.

Tilråding

Samla budsjett til pensjon vert redusert med 5 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

5.6 Driftsteknikar og reinhaldartenestene – vurdering av innsparingstiltak

I vedtaket om skulebruksplanen (FT-sak 26/13) vart det m.a. føresett ei innsparing frå 2017 på teneste 5100 Skulelokale knytt til driftsteknikar- og reinhaldartenestene. Dette vart gjort utifrå ei teoretisk utrekning av behov som følgje av redusert areal ved færre skulebygg. Det viser seg at innsparingane føresett i skulebruksplanen ikkje vil bli realisert fullt ut. Uløyst innsparing utgjer 1,2 mill. kr for driftsteknikartenestene og 1,3 mill. kr for reinhaldartenestene frå 2018. I 2017 er tilsvarande innsparingar lagt inn med halvårsverknad.

I samband med SFJ 2019 vart det sett i gang to utgreiingar knytt til dette, utgreiing #55 Driftsteknikartenestene og utgreiing #56 Reinhaldartenestene.

Utgreiinga knytt til driftsteknikarane var ferdig våren 2016 og resultatet synte at det ikkje var grunnlag for innsparing utifrå dagens ressursar og vedlikehaldsbehov. Fylkesrådmannen meiner det

difor ikkje er grunnlag lenger for den føresette innsparinga knytt til driftsteknikarane i skulebruksplanen, og tilrår at denne vert reversert.

Den delen av innsparinga som gjeld reinhaldartenestene vert sett i samanheng med den pågåande utgreiinga som har leveringsfrist i 2017. Dersom utgreiinga syner eit innsparingspotensiale vert dette sett i samanheng med den alt innarbeidde innsparinga i høve skulebruksplanen.

Tilråding

Teneste 5100 Skulelokale vert auka med 0,5 mill. kr i 2017 og 1,2 mill. kr frå 2018 som følgje av at forventa innsparing på driftsteknikartenestene vert reversert.

Ev. innsparing i utgreiing #56 Reinhaldartenestene vert sett i samanheng med forventa innsparing i høve skulebruksplanen.

5.7 Lærlingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesrådmannen har lagt fram ei eiga sak om lærlingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune for handsaming av FT i oktober. I saka vert det tilrådd å auke tal lærlingar. Konsekvensane av tilrådinga, 0,7 mill. kr i 2017 aukande til 1,35 mill. kr årleg frå 2018, vert tilrådd innarbeidd i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020. Løyvinga vert førebels tilført programområde 420 Administrasjon, teneste 4201 Personalretta tiltak. Beløpa vert justert i høve endeleg FT-vedtak.

Tilråding

Teneste 4201 Personalretta tiltak vert auka med 0,7 mill. kr i 2017 aukande til 1,35 mill. kr frå 2018. Løyvinga vil bli ev. bli justert i høve fylkestingsvedtaket i oktober.

6 INNSPEL FRÅ SEKTORANE

I dette punktet vert innspela frå sektorane utan hovudutval (forvaltning og tannhelsetenesta) presenterte. Hovudutvalssakene følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg.

6.1 HU-sakene – tilpassing til rammene i 2017

Hovudutvalssakene skal konkretisere detaljbudsjettet for sektorane i 2017. I tillegg vert ev. eksterne søknader vurderte, samt tiltak for seinare år som må takast stilling til i 2017 for å sikre føresett innsparing det aktuelle budsjettåret. Fylkesrådmannen har tilpassa det økonomiske opplegget på sektornivå til tilrådingane i hovudutvalssakene. I den grad det er gjort tilrådingar som påverkar rammene til den enkelte sektor, er det eksplisitt omtala i dette arbeidsdokumentet. For nærare gjennomgang av tilrådingane vert det vist til dei respektive saksframstillingane til hovudutvala. Desse følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 7-9. Hovudutvala sine vedtak i sakene vert lagt fram i finansutvalsmøtet.

Tilråding

Tilrådingane til hovudutvala for opplæring, samferdsle og næring og kultur vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

6.2 Forvaltning – tilpassing til rammene i 2017

Framlegget til budsjett 2017 legg til grunn rammene i FT sitt vedtak om økonomiplan 2017-20 med tilhøyrande fordeling på programområdenivå.

I økonomiplanen vart det vedteke innsparingstiltak på samla 18,8 mill. kr i 2017 aukande til 20,2 mill. kr i 2019. Fylkesrådmannen ser på iversetjing av innsparingstiltaka som hovudprioritet i budsjettarbeidet for 2017 og åra framover.

Under vert det på tenestenivå kommentert nokre endringar/tilpassingar på forvaltningsbudsjettet i 2017. Fylkesrådmannen vil her nemne at dei fleste av desse endringane er innarbeidd i økonomiplanen tidlegare år.

Teneste 4001 Utgifter til fylkesting, utval og ordførar

I FT-sak 26/16 Økonomiplan 2017-2020 vart det lagt inn ei auka innsparing på 0,2 mill. kr knytt til politisk sekretariat gjeldande frå 2017.

Teneste 4003 Partistønad

Tilskot til politiske parti vart redusert med 0,4 mill. kr i 2016. Denne reduksjonen er ikkje vidareført, dvs. at tenesta er styrka med 0,4 mill. kr frå 2017.

Teneste 4004 Diverse råd og utval*Distriktsvalstyre*

Det er løyvd 0,648 mill. kr til valstyret i 2017 og 2019 til gjennomføring av høvesvis stortingsval og kommuneval.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Budsjettet er auka med 0,070 mill. kr i 2017 då Sogn og Fjordane saman med Hordaland og Rogaland skal arrangere ein landskonferanse. Arrangørfylka må dekke ein del av utgiftene knytt til konferansen. Auken vert finansiert med ei overføring frå teneste 4005 Til disposisjon for utvala.

Teneste 4005 Til disposisjon for utvala

I gjeldande rammer er det løyvd 0,3 mill. kr årleg til eigendelsmidlar. Føremålet med midlane er at dei skal kunne nyttast til fylkeskommunal eigendel i prosjekt som løyser ut midlar frå andre. Fylkesrådmannen har ikkje registrert at det er behov for desse midlane i 2017 og har omdisponert 0,070 mill. kr til teneste 4004 Diverse råd og utval. Resterande løyving på 0,230 mill. kr vert tilført budsjettposten «Fylkesutvalet til disposisjon».

Teneste 4800 Juridisk honorar

I budsjettet for 2015 og 2016 vart denne posten styrka med 2 mill. kr. og i 2017 og 2018 var styrkinga 1 mill. kr. Denne styrkinga fell bort frå 2019.

Ut frå dette vert den økonomiske ramma for budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 på sektoren forvaltning fordelt slik:

PROGRAMOMRÅDE	2017	2018	2019	2020
400 Politisk styring	42,577	42,382	43,013	42,365
410 Kontrollutval	4,406	4,406	4,406	4,406
420 Administrasjon	75,549	73,299	73,299	73,299
421 Forvaltningsutg. i eigedomsforvaltninga	9,370	9,370	9,370	9,370
430 Administrasjonslokale	6,108	6,108	6,108	6,108
460 Tenester utanom ord FK ansvarsområde	0,675	0,525	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	6,706	6,706	5,706	5,706
715 Lokal og regional utvikling	16,087	16,087	16,087	16,087
SUM FORVALTNING	161,478	158,883	158,514	157,866

Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for sektoren forvaltning til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

6.3 Tannhelse – tilpassing til rammene i 2017

Fylkestinget vedtok i juni ny klinikk- og tenestestruktur for den offentlege tannhelsetenesta. Som ein følgje av det er innsparringskravet for tannhelsesektoren sett til 10,6 mill. kr. frå og med 2018. Innsparingstiltak som vart sett i verk i 2015 og 2016 på samla 5,320 mill. kr vert vidareført og bidreg til å løyse innsparringskravet på 10,6 mill. kr. Med verknad frå 2017 vert det sett i verk ytterlegare innsparingstiltak på 2,535 mill. kr.

Nye innsparingstiltak for 2017:

Programområde 660 Fellesfunksjonar*Naturleg avgang*

Innsparing som følgje av naturleg avgang gjev ei samla innsparing 0,385 mill. kr.

Reduksjon fellesutgifter

Reduserte fellesutgifter som følgje av nedlegging av klinikkar. Samla innsparing 0,836 mill. kr.

Programområde 665 Pasientbehandling*Reduksjon personaltiltak*

Reduksjon av kursmidlar i tannhelsetenesta. Samla innsparing 0,145 mill. kr.

Rekruttering og stabiliseringstiltak for tannlegar

Ordninga der utbetaling av ein eingongsum etter 5, 7 og 10 år i teneste fell vekk. Samla innsparing 0,460 mill. kr.

Ambuleringsutgifter

Ambuleringsutgiftene vert redusert i samband med ny klinikkstruktur i tannhelsetenesta. Samla innsparing 0,314 mill. kr.

Vakant stilling og naturleg avgang

Innsparing som følgje av vakant stilling og naturleg avgang. Samla innsparing 0,395 mill. kr.

Nye innsparingstiltak frå 2017 vert oppsummert i følgjande tabell:

Innsparingstiltak 2017	mill.kr
<u>Programområde 660 – fellesfunksjonar</u>	
Naturleg avgang	0,385
Fellesutgifter	0,836
<u>Programområde 665 –pasientbehandling</u>	
Kursmidlar	0,145
Rekruttering og stabiliserings tiltak tannlegar	0,460
Ambuleringsutgifter	0,314
Vakant stilling og naturleg avgang	0,395
Innsparing totalt	2,535

Tannhelsesektoren er ut frå dette godt i gang med å realisere føresett innsparing. Med dei nye tiltaka alt frå 2017 har tannhelsesektoren teke innsparingar tidlegare enn føresett, slik at ramma kan reduserast med ytterlegare 2,4 mill. kr i 2017.

Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for tannhelsesektoren til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

7 ANDRE SAKER**7.1 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017 - 2020**

Kontrollutvalet har i sak 38/16 vedteke sitt framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 for kontrollorgana. Saksframstilling og saksprotokoll følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 10. Framlegget er vedteke innafør gjeldande ramme.

Kontrollutvalet sitt framlegg vil følgje som vedlegg i sak om budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020, jf. § 18 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

7.2 Særskilde utfordringar på opplæringssektoren

I budsjettsaka til hovudutval for opplæring (HO) 27.09.16, jf. vedlegg 7, vert det omtala nokre særskilde utfordringar i økonomiplanperioden. Fylkesrådmannen orienterer kort om desse under.

Friare skuleval

Etter endring i opplæringslova har fylkeskommunane, frå skuleåret 2017-2018, plikt til å handsame søkjarar frå andre fylke, ved ledig kapasitet.

I saksutgreiinga til HO heiter det m.a.:

«Omfanget av gjesteelevar og tilhøyrande kostnader er svært usikkert. Talgrunnlaget frå skuleåra 2014-2015 og 2015-2016 viser høvesvis 40 og 70 elevar frå Sogn og Fjordane som har fått skuleplass (offentlege vidaregåande skular) i andre fylke, utan økonomisk

medverknad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter lovendinga må fylkeskommunen betale for desse. Kostnaden ved ein eventuell auke i tal elevar frå Sogn og Fjordane i andre fylke kjem i tillegg. Erfaringane frå tidlegare år viser at tal elevar frå andre fylke, på skule i Sogn og Fjordane er om lag 10».

Elevtalsutviklinga

Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018 tilsvarar 6 færre grupper enn igangsette grupper skuleåret 2016-2017.

I saksutgreiinga til HO heiter det m.a.:

«Fylkesdirektøren har teke direkte kontakt med avgangsskulane i kommunane i fylket for å få tal elevar i grunnskulen som skal over i vidaregåande opplæring frå hausten 2017. Tilbakemeldingane syner berre ein svak nedgang i elevtalsgrunnlaget samanlikna med våren 2016. Ut frå dette og behovet for tilføring av midlar i samband med justeringssaka våren 2016, er det fylkesdirektøren si vurdering at det ikkje vil vere mogleg å redusere gruppetalet i samsvar med den økonomiske ramma og samstundes gje alle rettssøklarar eit tilbod. Kor mange grupper det vil vere behov for komande skuleår, må avklarast gjennom arbeidet med saka om opplæringstilbodet.»

Innføringsgrupper og eksamensretta grunnskulefag (EGF)

I saksutgreiinga til HO heiter det m.a.:

«Det er for skuleåret 2016-2017 sett i gang ei innføringsgruppe for minoritetsspråklege og fire grupper eksamensretta grunnskulefag. Kostnaden ved tilbodet vert dekkja innanfor budsjettet for tilpassa opplæring. Det er stor uvisse knytt til omfanget av opplæringstilbod for målgruppa i åra framover». Det vert lagt opp til ei løpande vurdering av dette opplæringstilbodet.

Utifrå punkta over ser fylkesrådmannen at det sannsynlegvis vil kome auka utgifter knytt til opplæringssektoren i økonomiplanen, men førebels er det uvisse knytt til føresetnadane - mellom anna søkartalet. Fylkesrådmannen legg til grunn at opplæringssektoren så langt som mogleg må løyse dei økonomiske utfordringane innanfor dei økonomiske rammene for sektoren. Ev. behov for budsjettendingar vert å kome attende til.

7.3 Særskilde saker - samferdslesektoren

Bussanbod Sogn

Fylkesrådmannen har ved fleire høve nemnd at ev. varige innsparingar som følgje av bussanbod Sogn vert å kome attende til. Dette er no omtalt i budsjettsaka til hovudutval for samferdsle i møte 27.9.16, jf. vedlegg 8.

Notat om kommersielle ruter

I finansutvalsmøte den 4.5.16 ønskja finansutvalet eit notat knytt til kommersielle ruter. Fylkesrådmannen viser til notat til hovudutvalet for samferdsle 27.9.16 om fylkeskryssande ruter der dette vert omtalt.

8 SALDERING AV BUDSJETT 2017/ØKONOMIPLAN 2017-2020

8.1 Tilbakeføring av sluttsaldering i økonomiplan 2017-2020

I tråd med vanleg praksis vart økonomiplan 2017-2020 teknisk sluttsaldert mot bufferfondet. For å få eit rett bilete av salderingssituasjonen må denne sluttsalderinga no reverserast. Salderinga innebar eit overskot for alle år på 4,6 mill. kr i 2017 aukande til 34,8 mill. kr i 2020.

8.2 Førebels salderingsskisse

	2017	2018	2019	2020
Balanse etter FT-sak 26/16 Økonomiplan 2016-19	0,0	0,0	0,0	0,0
Vurderingar i arbeidsdokument 4/16				
Reversering av sluttsaldering	-3,8	-3,8	-9,4	-34,8
<u>Verknadar av T 2/16</u>				
Opplæring - samla reduksjon på ulike tenester	-6,2	-0,2		
<u>Andre rammejusteringar</u>				
Lokale inntekter - auka prognostiserte inntekter	-10,0	23,7	-277,8	-298,3
Lokale inntekter - avsetning til fond	41,4	22,7	326,7	352,7
Rentekompensasjon - reduserte prognostiserte inntekter	4,8	5,9	10,4	10,9
Renteinntekter - auka prognostiserte inntekter	-1,8	-3,4	-4,6	-8,0
Reduserte kapitalkostnader	-10,5	-6,8	-22,5	-21,2
Reduserte kapitalkostnader - ekstraordinære avdrag	-31,4	-46,4	-48,9	-54,4
Reduserte pensjonsutgifter	-5,0	-5,0	-5,0	-5,0
Opplæring - auka løyving til driftsteknikar	0,5	1,2	1,2	1,2
Forvaltning - auka løyving til lærlingar	0,7	1,4	1,4	1,4
Tannhelse - forsert innsparing	-2,4			
Ubalanse etter a-dok 4:	-23,6	-10,8	-28,6	-55,5

Førebels salderingsskisse viser at vi har eit «overskot» for alle åra i økonomiplanperioden. Det er likevel viktig å merke seg at gjeldande økonomisk opplegg byggjer på ein del usikre føresetnader. Den viktigaste er forventinga om auka tapskompensasjon med 22,5 mill. kr i 2017 aukande til 67,5 mill. kr årleg frå 2019. Viss ikkje den slår til som føresett, vil salderingsbalansen vise «underskot» for alle åra i økonomiplanen. Vidare står det att å sjå om det let seg gjere å realisere føresette innsparingar på sektornivå. Nivået på lokale inntekter til bruk i driftsbudsjettet kan også vere noko for høgt.

9 VIDARE ARBEID

Statsbudsjettet vert i år lagt fram 6. oktober. Neste møte i finansutvalet er sett til 17. oktober. I dette møtet vil verknadane frå statsbudsjettet bli presentert.

På grunn av knapp tid mellom framlegginga av statsbudsjettet og normal utsendingsfrist for arbeidsdokumentet, kan arbeidsdokument 5/16 kan bli noko forseinka.

Deretter har finansutvalet møte den 2. november – då skal finansutvalet etter planen vedta samla salderingsopplegg for budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020. Fylkesrådmannen skal, med bakgrunn i det føreliggande materialet, utforme tilhøyrande tekstdokument før finansutvalet sitt framlegg vert lagt fram for ordinær politisk slutthandsaming slik:

21. november: Politikardag
 22. november: Hovudutvala
 23. november: Fylkesutvalet
 6.-7. desember: Fylkestinget

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Astrid Lernes
kst. økonomisjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Møtebok frå møte i finansutvalet 4.5.16
2. Samledokument med samandraga for alle utgreiingane, framlagt våren 2015
3. Samledokument med samandraga for alle utgreiingane, framlagt våren 2016
4. Samledokument med utgreiingane, framlagt våren 2015
5. Samledokument med utgreiingane, framlagt våren 2016
6. Notat om lokale inntekter – unntatt offentlegheit.
7. Saksframlegg - Budsjett 2017 – sektorbudsjett for opplæring
8. Saksframlegg - Budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 –samferdsle
9. Saksframlegg - Budsjett 2017/økonomiplan 2018-2020 – Næring og kultur
10. Saksframstilling og saksprotokoll frå Kontrollutvalet – framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020

Kopi til:

Fylkestinget
Fylkesrådmannen si leiargruppe
Budsjettgruppa

TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOKUMENT 4/16**1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 4.5.2016**Tilråding

Møteboka frå møtet i finansutvalet 4.5.2016 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

2 PROSESS OG VIDARE FRAMDRIFT

Punkt 2: Utan tilråding

3 OVERSIKT OVER VEDTEKNE INNSPARINGAR

Punkt 3: Utan tilråding

4 INVESTERINGSPROGRAM 2017 – 2020**4.1 Bygginvesteringar**Tilråding

Løyvinga til NY001 Konsekvensar av skulebruksplanen – ufordelt vert førebels auka med 22 mill. kr fordelt med 5 mill. kr i 2018 og 17 mill. kr i 2019. Auken er knytt til nytt verkstadbygg ved Mo og Øyrane vgs., avd. Mo.

Tilråding

Investeringsprosjektet Måløy vgs.– rehabilitering av blokk B og C vert innarbeid i investeringsprogrammet 2017-2020. Prosjektet får ei førebels kostnadsramme på 65 mill. kr.

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

4.2 FylkesveginvesteringarTilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesvegar inkl. skredsikring vert lagt til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

5 DRIFTSBUDSJETTET – JUSTERING AV BASISRAMMENE**5.1 Endring av strategi – frå gjeldsanering til fondsavsetting**Tilråding

Strategien knytt til gjeldssanering vert førebels reversert. «Ledige» midlar vert avsett til fond.

5.2 Verknader av tertialrapport 2/16

Tilråding

Ramma til opplæring vert redusert med 6,2 mill. kr i 2017 og med 0,2 mill. kr i 2018. Varig ramme-reduksjon på 0,8 mill. kr i 2018 og 1 mill. kr for åra 2019/2020 reduserer uspesifisert innsparingskrav. Tala vil bli justert i samsvar med endeleg vedtak i FT.

5.3 Lokale inntekterTilråding

Ny prognose for lokale inntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020. Inntekter etter salet av aksjar i Fjord1 vert avsett til fond.

5.4 Kapitalinntekter/-utgifterTilråding

Ny prognose for rentekompensasjonsordningane og ordinære renteinntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

Tilråding

Nye føresetnader for ordinære kapitalutgifter og ekstraordinære avdrag vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

5.5 PensjonskostnaderTilråding

Samla budsjett til pensjon vert redusert med 5 mill. kr årleg i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

5.6 Driftsteknikar og reinhaldartenestene – vurdering av innsparingstiltakTilråding

Teneste 5100 Skulelokale vert auka med 0,5 mill. kr i 2017 og 1,2 mill. kr frå 2018 som følgje av at forventa innsparing på driftsteknikartenestene vert reversert.

Ev. innsparing i utgreiing #56 Reinhaldartenestene vert sett i samanheng med forventa innsparing i høve skulebruksplanen.

5.7 Lærlingar i Sogn og Fjordane fylkeskommuneTilråding

Teneste 4201 Personalretta tiltak vert auka med 0,7 mill. kr i 2017 aukande til 1,35 mill. kr frå 2018. Løyvinga vil bli ev. bli justert i høve fylkestingsvedtaket i oktober.

6 INNSPEL FRÅ SEKTORANE**6.1 HU-sakene – tilpassing til rammene i 2017**Tilråding

Tilrådingane til hovudutvala for opplæring, samferdsle og næring og kultur vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

6.2 Forvaltning – tilpassing til rammene i 2017Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for sektoren forvaltning til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

6.3 Tannhelse – tilpassing til rammene i 2017Tilråding

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for tannhelsesektoren til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

7 ANDRE SAKER**7.1 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017 - 2020**

7.2 Særskilde utfordringar på opplæringssektoren

7.3 Særskilde saker - samferdslesektoren

Punkta 7.1-7.3: Utan tilråding

8 SALDERING AV BUDSJETT 2017/ØKONOMIPLAN 2017-2020

8.1 Tilbakeføring av sluttsaldering i økonomiplan 2017-2020

8.2 Førebels salderingsskisse

Punkta 8.1-8.2: Utan tilråding

9 VIDARE ARBEID

Punkt 9: Utan tilråding